HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Møteinnkalling

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Valnemnda** |
| **Møtestad:** | Terminus Forum, Grand hotel Terminus, Bergen |
| **Dato:** | 02.10.2018 |
| **Tid:** | 09:15 |

**Program**

Kl 09:15 Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall.

Denne innkallinga gjeld valde medlemer i Valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Roald Kvamme
leiar

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Sakliste

| Utvals-saknr | Innhald | Arkiv-saknr | U.Off. |
|---|---|---|---|
| PS 19/18 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste | | |
| PS 20/18 | Godkjenning av møtebok forrige møte | | |
| PS 21/18 | Meldingar | | |
| PS 22/18 | Ymse | | |
| PS 23/18 | Søknad om fritak frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Ragnhild Hoff Eilertsen | 2017/732 | |
| PS 24/18 | Nyval til verv som medlem i fylkestinget og medlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling | 2017/732 | |
| PS 25/18 | Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Ingrid Handeland | 2017/732 | |
| PS 26/18 | Søknad om permisjon frå verv i Hordaland fylkeskommune - Mari K. Kjellesvik | 2017/732 | |
| PS 27/18 | Søknad om fritak frå verv som medlem i Omstillingsutvalet | 2017/732 | |
| PS 28/18 | "Kystpilegrimsleia over ei ein ny fase" - utgreiing av fast organisering av Kystpilegrimsleia og avslutting som prosjekt . Løyving av kr 100.000. Avtale med Nasjonalt Pilegrimssenter. Oppnemning av politisk representasjon til styringsgruppa | 2014/11640 | |
| PS 29/18 | Nytt val av medlemer til styret for Fagskolen i Hordaland | 2015/11453 | |

**PS 19/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**PS 20/18 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**PS 21/18 Meldingar**

**PS 22/18 Ymse**

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

ØKONOMI- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2017/732-176

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Valnemnda | 23/18 | 02.10.2018 |
| Fylkestinget | 98/18 | 02.10.2018 |

# Søknad om fritak frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Ragnhild Hoff Eilertsen

## Samandrag

Representanten Ragnhild Hoff Eilertsen har søkt om permisjon frå sitt politiske verv i fylkestinget i Hordaland. Ho søkjer permisjon grunna eit krevjande masterstudium, kombinert med jobb. Det vert søkt om permisjon ut perioden.

Hoff Eilertsen er folkevald for Arbeiderpartiet. Ho er varamedlem til fylkestinget og varamedlem i utval for opplæring og helse. Ragnhild Hoff Eilertsen har i 01.01.2017 – 31.07.2017 hatt permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune, då ho opphaldt seg utanlands i samband med studiar.

Det vert søkt om permisjon ut valperioden. Søknaden frå Hoff Eilertsen vert difor tolka slik at søknaden gjeld **fritak** frå verv som varamedlem tll fylkestinget og fritak frå verv som varamedlem til utval for opplæring og helse.

Fylkesrådmannen kan ikkje rå til at Ragnhild Hoff Eilertsen får fritak frå vervet som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for opplæring og helse.

**Økonomi:** Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.
**Klima:** Inga effekt.
**Folkehelse:** Inga effekt.
**Regional planstrategi**: Inga effekt.

## Forslag til innstilling

Ragnhild Hoff Eilertsen får avslag på søknad om fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for opplæring og helse.

**Hordaland fylkeskommune**
ØKONOMI- OG ORGANISASJONSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.09.2018**

Representanten Ragnhild Hoff Eilertsen har i E-post den 23.08.2018 søkt om permisjon. Ho skriv:

*«Jeg søker herved permisjon fra mitt verv i fylkestinget grunnet et svært krevende masterstudium, kombinert med jobb. Søker om permisjon ut perioden. Dokumentasjon kan sendes.»*

Ho skriv den 04.09.2018 at:

*«Jeg studerer en mastergrad i sammenlignende politikk, hvor det kreves svært mye arbeid og innsats for å kunne gjennomføre studiet. Når jeg takket ja til å stå på fylkestingslisten var det ikke planlagt at jeg skulle begynne på et slikt krevende studie, men nå ser jeg at det blir vanskelig å kombinere både skole og Hordaland fylkesting. Jeg søker om fritak ut valgperioden. Jeg har også søkt på praktikantopphold ved den norske ambassaden i Beijing for våren 2019. Håper dere vil godkjenne min søknad om permisjon.»*

Ragnhild Hoff Eilertsen er varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for opplæring og helse.

**Rettsleg grunnlag**:

1.) Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sin plikter i vervet.»*

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):
«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsegrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet» , kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:
«Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen» .....den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet *eller belastning*...» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

**Vurdering:**

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget *kan* etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, den som ikkje *uten uforholdmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.* Problemstillinga her er om Ragnhild Hoff Eilertsen kan skjøtte sine pliktar som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for opplæring og helse utan uforholdsmessige vanskelegheitar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører».*

Ragnhild Hoff Eilertsen har opplyst at ho er student med eit krevjande masterstudium, kombinert med jobb. Ho skriv at det vert kravd mykje innsats og arbeid for å kunne gjennomføra studiet. Når ho takka ja til å stå som medlem på fylkestingslista var det ikkje planlagt at ho skulle gå i gong med eit så krevjande studie. Det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for å gje fritak. Det faktum at Hoff Eilertsen i dag har eit krevjande studie kombinert med jobb, er ikkje til hinder for at ho kan skjøtte verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for opplæring og helse på ein god måte. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at Hoff Eilertsen *ikkje utan uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet*

som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for opplæring og helse. Ein kan heller ikkje sjå at det i denne konkrete saka er grunnar som gjer det ekstra byrdefullt for ho å oppfylle dei pliktar desse to verva medfører. Det skal og nemnast at dette gjeld to varamedlemskap, noko som er mindre arbeidskrevjande enn ordinere medlemskap.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, er vilkåra etter kommunelova § 15 nr. 2 ikkje oppfylt i denne saka. Fylkesrådmannen rår til at det vert gjeve avslag på søknad om fritak frå verva som varamedlem til fylkestinget og varamedlem til utval for opplæring g helse.

Arkivnr: 2017/732-177
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Valnemnda | 24/18 | 02.10.2018 |
| Fylkestinget | 95/18 | 02.10.2018 |

# Nyval til verv som medlem til fylkestinget og medlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling

## Samandrag

Gunn Berit Lunde Aarvik gjekk bort 09.06.2018 og på bakgrunn av dette må det gjerast nyval. Lunde Aarvik var folkevald for Arbeiderpartiet. Ho hadde verv som medlem til fylkestinget og verv som medlem til utval for kultur, drett og regional utvikling.

Det må gjerast val til følgjande verv:
- Medlem til fylkestinget ved opprykk
- Medlem til utval for kultur, idrett og regional utvikling

**Økonomi:** Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta. Utover dette inga effekt.
**Klima:** Inga effekt.
**Folkehelse:** Inga effekt.
**Regional planstrategi**: Inga effekt.

## Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slike val:

Medlem i fylkestinget ved opprykk:……………………………………………….
Medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling:……………………………

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 07.09.2018**

**Rettsleg grunnlag**:

Reglane om opprykk går fram av kommunelova § 16.

Kommunelova § 16 nr. 2 og nr. 3 lyder:

*«2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.*

*3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite og fylkestingskomite trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den uttredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.»*

Det går fram av kommunelova § 16 nr. 2 at når det gjeld opprykk til fylkestinget «*trer varamedlemmer frå vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt….»*
Etter denne regelen vil det skje eit opprykk, rekkefølgen på lista må følgjast.

Kva gjeld Gunn Berit Lunde Aarvik sitt verv som medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling, vert dette regulert av kommunelova § 16 nr. 3. Her kan det «*velges et nytt medlem,* selv *om det er valgt varamedlem.»*

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | ØKONOMI- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2017/732-174

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Valnemnda | 25/18 | 02.10.2018 |
| Fylkestinget | 96/18 | 02.10.2018 |

# Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Ingrid Handeland

## Samandrag


Representanten Ingrid Handeland har søkt om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune. Ho søkjer permisjon då ho skal vere studentpraktikant ved den norske ambassaden i Beijing, Kina. Det vert søkt om permisjon i tidsrommet hausten 2018 til den 31.01.2019.

Ingrid Handeland har i tidsrommet 01.02.2018-31.07.2018 hatt permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune, då ho har vore på utveksling i Kina. Det vert no søkt om ny permisjon.

Fylkesrådmannen rår til at representanten Ingrid Handeland får permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune i tida 01.08.2018 til og med 31.01.2019 i den tida ho er i Kina som studentpraktikant ved den norske ambassaden i Kina.

Dersom det vert innstilt på at Ingrid Handeland får permisjon frå sine politiske verv i Hordaland fylkeskommune, må det gjerast innstilling til nye val for den tida Ingrid Handeland har permisjon.

**Økonomi:** Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta. Utover dette inga effekt.
**Klima:** Inga effekt.
**Folkehelse:** Inga effekt.
**Regional planstrategi**: Inga effekt.


## Forslag til innstilling

1. Ingrid Handeland får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem til utval for miljø og samferdsel og varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa i tida 01.08.2018 – 31.01.2019.

2. For den tida Ingrid Handeland har permisjon gjer fylkestinget slike val:

    a) Varamedlem til utval for miljø og samferdsel:
    b) Varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa:


**Hordaland fylkeskommune**
ØKONOMI- OG
ORGANISASJONSAVDELINGA

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**

Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

3. Dersom Stiftinga Fjelberg Prestegard ber Hordaland fylkeskommune om å oppnemne eit nytt varamedlem, gjer fylkestinget slikt val:

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 03.09.2018**

Representanten Ingrid Handeland har i E-post den 12.06.2018 søkt om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune, hausten 2018 og vår 2019. Ho skriv:

*«Eg har hatt permisjon dette semesteret grunna utveksling i Kina og har i ettertid takka ja til tilbod som studentpraktikant ved den norske ambassaden i Beijing, Kina, hausten 2018. I den samanheng ønskjer eg å søkje permisjon frå mine verv på Fylkestinget som vararepresentant ut januar 2019. Vonar at det går i orden.»*

Søknaden frå Ingrid Handeland vert tolka slik at søknaden gjeld permisjon frå alle hennar politiske verv i Hordaland fylkeskommune.

Ingrid Handeland har fylgjande verv i Hordaland fylkeskommune:

Varamedlem til fylkestinget
Varamedlem til utval for miljø og samferdsel
Varamedlem Stiftinga Fjelberg Prestegard
Varamedlem Regionalt Næringsforum, styringsgruppa

Ingrid Handeland har no permisjon frå desse verva. Fylkestinget behandla søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland i møte den 07.03.2018, i sak 27/18 og gjorde mellom anna slikt vedtak:

*«Ingrid Handeland får permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget, varamedlem til utval for miljø og samferdsel og varamedlem til Regionalt Næringsforum i tida 01.02.2018 – 31.07.2018.»*

Når det gjeld permisjon frå verv som varamedlem i Stiftinga Fjelberg Prestegard hadde ikkje fylkestinget mynde til å gje permisjon. Handeland vart oppmoda til å ta kontakt med Stiftinga Fjelberg Prestegard.

**Rettsleg grunnlag:**

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sin plikter i vervet.»*

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):
«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsegrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:
«Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen» .....den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet *eller belastning*...» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

**Om begrepet «offentleg tillitsverv»:**

Det vert her vist til brev frå Kommunal- og regionaldepartementet av 28.06.2013 ref. 12/1376-2. Denne saka gjaldt ein tolkningsuttale på om styreverv i eit aksjeselskap kunne vere eit «offentleg tillitsverv» etter kommunelova § 40 nr. 3 a.

Det går fram av uttala frå departementet at:

*«Hovudomgrepet i kommunelova § 40 nr. 3 er «offentlige tillitsverv». Kva som ligg i dette omgrepet er omtalt i eit forarbeid til forvaltningslova, som og låg til grunn for endringar i tidlegare kommunestyrelova § 15. Omgrepet og føresegna vart vidareført i gjeldande kommunelov, slik at forarbeidet framleis er relevant. I Ot.prp.nr. 3 (1976-1977) s. 104 går det fram at:*

*«Uttrykket «offentlige» tillitsverv er valgt fordi kommunestyret og fylkestinget ikke bare velger kommunale og fylkeskommunale tillitsmenn, men også statlige tillitsmenn og tillitsmenn som det er uklart om skal karakteriseres som kommunale eller statlige eller begge deler.*

*Dette kan tale for at val av representantar til private einingar som selskap, i utgangspunktet ikkje var tenkt omfatta av unntaket.*

*Departementet meiner at ordlyden i føresegna (offentlege tillitsverv) sett i lys av forarbeida tilseier at val til styreverv i selskap som er eit eiget rettssubjekt i utgangspunktet ikkje blir femna om føresegna. Når ein har eit styreverv i slikt selskap skal ein ta vare interessene til selskapet. Sjå ovanfor. Dette gjeld både når selskapet har offentlege og private eigarar. Departementet kan på den bakgrunnen vanskeleg sjå at eit slikt styreverv er eit «offentlig tillitsverv».»*

**Ad. verv som varamedlem i Stiftinga Fjelberg Prestegard:**

Fjelberg Prestegard er ei stifting. Det vert vist til stiftelseslova § 2, definisjon. Her går det fram at:

*«Med stiftelse forstås en formuesverdi som ved testament, gave eller annen rettslig disposisjon selvstendig er stilt til rådighet for et bestemt formål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annen art. En rettsdannelse som oppfyller vilkårene i første punktum, er en stiftelse etter denne loven, uavhengig av om den er betegnet som en legat, institusjon, fond eler annet.»*

Av stiftelseslova § 27 a går det fram:

*«Lov 9. juni 1978 nr. 45 om likestilling mellom kjønnene § 21 første, annet og femte ledd gjelder tilsvarende når staten, en fylkeskommune eller kommune oppnevner hele styret i en stiftelse. Når staten, en fylkeskommune eller kommune oppnevner deler av styret i en stiftelse, gjelder første punktum her tilsvarende i forhold til de styremedlemmer dette gjelder.»*

Stiftelseslova § 28 gjeld styremedlemmer sine tenestetid. Det går fram av § 28 2. ledd at:

*«Hvis det foreligger særlig grunn, har et styremedlem rett til å tre tilbake før tjenestetiden er ute. Styret og den som har valgt styremedlemmet, skal gis rimelig forhåndsvarsel.»*
Det går fram av juridisk teori, Norsk lovkommentar til stiftelseslova § 28, Gyldendal rettsdata note 145 at:
*«Bestemmelsen gir et styremedlem ensidig rett til å trekke seg før tjenestetiden er ute hvis det foreligger en «særlig grunn». «Med «særlige grunn» sikter utvalget til sykdom, flytting som gjør en utilgjengelig, og i spesielle tilfeller også til dyptgående samarbeidsproblemer.»*

Vedtektene for Stiftinga Fjelberg Prestegard, § 4 styret, seier dette om oppnemning av styremedlemmer:

*«Stiftelsen ledes av et styre på 5 personer med personlige varamenn:*
*1 styremedlem oppnevnt av Kvinnherad kommune, 1 styremedlem oppnevnt av Hordaland fylkeskommune, 2 styremedlemmer oppnevnt av Fortidsminneforeningen, Bergen og Hordaland avdeling og 1 styremedlem oppnevnt av Fjeldberg bygdelag. Medlemmenes funksjonstid er to år. Kommunens representant følger kommunestyreperioden.»*

Stiftinga sitt formål går fram av vedtektenes § 2:

*«Stiftelsens formål er å foreta istandsettelse og vedlikehold av bygningene på prestegården og administrere bruken av dem. Bygningene skal istandsettes i samarbeide med representanter for Riksantikvaren, og fylkeskonservatoren i Hordaland for å bli tatt vare på i fremtiden. Bygningene skal benyttes til kirkelige,*

*vitenskapelige, kulturelle og sosiale formål, kurs- og konferansevirksomhet, samt arrangementer for lokalbefolkningen.»*

Permisjon frå verv som styremedlem/varamedlem i Stiftinga Fjelberg Prestegard ligg ikkje under fylkestinget sitt mynde.

**Vurdering:**

**Ad. permisjon frå verv som varamedlem til utval for miljø og samferdsel og varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa:**

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget *kan* etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, den som ikkje *uten uforholdmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.* Problemstillinga her er om Ingrid Handeland kan skjøtte sine pliktar som varamedlem for fylkestinget, varamedlem for utval for miljø og samferdsel, varamedlem til Stiftinga Fjeldberg Prestegard og varamedlem til Regionalt Næringsforum, styringsgruppa utan uforholdsmessige vanskelegheitar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører».*

Ingrid Handeland skal vere studentpraktikant ved den norske ambassaden i Beijing i Kina i tidsrommet hausten 2018 og ut januar månad 2019. Ein kan her sjå at det kan bli vanskelig for ho å skjøtte sine politiske verv i Hordaland fylkeskommune i den tida ho er i Kina. Det er lang avstand frå Hordaland fylkeskommune til Kina. Ho er varamedlem til fylkestinget, varamedlem til utval for miljø og samferdsel, varamedlem i Stiftinga Fjeldberg Prestegard og varamedlem til Regionalt Næringsforum. Sjølv om det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for å gje permisjon er det fylkesrådmannen si klare vurdering at desse verva er vanskeleg å kombinere på ein god måte i den tida ho er i Kina. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gitt permisjon og føretekne suppleringsval.

Dersom Handeland får permisjon frå sine politiske verv i Hordaland fylkeskommune, bør det gjerast suppleringsval for den tida ho har permisjon. Kommunelova § 16 som gjeld Opprykk og nyvalg, regulerer dette forholdet.

Kommunelova § 16 lyder:

«1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamdelemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.
2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.
3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite` trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.
4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.
5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunstyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.
6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommande gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger

vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»

**Ad. permisjon frå verv som varamedlem til fylkestinget:**

Vervet som varamedlem til fylkestinget vert å fylla etter kommunelova § 16 nr. 5.

Fylkesvalstyret føretek nytt valoppgjer for å fylla den ledige varamedlemsplassen i fylkestinget når fylkesordførar finn det nødvendig, Jfr. vallova § 14-2 nr. 2.

**Ad. permisjon frå verv som varamedlem i Stiftinga Fjelberg Prestegard:**

Fylkesrådmannen vil vise til tolkingsuttalen frå Kommunal- og regionaldepartementet ovanfor. Uttalen gjaldt styreverv i aksjeselskap, men fylkesrådmannen vurderer det slik at uttalen kan tolkast slik at den og er relevant for stiftingar, slik som i dette tilfellet her. Ein stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt, og har på nokre områder likheitar med eit akseselskap. Ein stifting står fram om mogeleg som meir sjølvstendig rettssubjekt ein eit aksjeselskap. Når ein har eit styreverv i ein stifting, skal ein ta vare på interessene til stiftinga. Fylkesrådmannen har tidlegare teke kontakt med Kommunaldepartementet. Kommunaldepartementet stadfester at ein kan legge deira vurdering av 28.06.2013 til grunn og for stiftingar: *Val av styremedlem til stiftingar skal neppe sjåast på som eit «offentleg tillitsverv».*

Når det gjeld permisjon frå verv som varamedlem i Stiftelsen Fjelberg Prestegard har ikkje fylkestinget mynde til å gje permisjon. Det går fram av stiftelselova § 28 2. ledd at eit styremedlem har rett til å tre tilbake før tenestetida er ute, dersom det ligg føre ein særleg grunn og dersom styret og den som har vald medlemmet har fått eit rimeleg førehandsvarsel. Fylkesrådmannen legg til grunn at det «å tre tilbake før tenestetida er ute», og gjeld permisjon for eit konkret tidsrom og tre inn att i vervet i den gjenverande tid. Handeland må sjølv kontakte Stiftinga Fjelberg Prestegard og melde frå om flytting og permisjon.

Det er Hordaland fylkeskommune som oppnemner styremedlem/varamedlem, Jfr, vedtektenes § 4. For å unngå at denne saka må handsamast i to møter i valnemnda og fylkesting, rår fylkesrådmannen til at valnemnda og fylkestinget i denne saka vel eit nytt varamedlem til Stiftinga Fjelberg Prestegard. Då er namnet klart når førespurnaden kjem frå stiftinga.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | ØKONOMI- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2017/732-175
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Valnemnda | 26/18 | 02.10.2018 |
| Fylkestinget | 97/18 | 02.10.2018 |

# Søknad om fritak frå verv som medlem i fylkesutvalet i Hordaland - Mari K. Kjellesvik

## Samandrag

Representanten Mari K. Kjellesvik har søkt om permisjon frå hennar verv som medlem av fylkesutvalet då ho har flytta til Danmark for å gå på skule. Kjellesvik er folkevald for Arbeiderpartiet. Ho har fleire politiske verv i Hordaland fylkeskommune.

Det går fram av søknaden hennar at det vert søkt om permisjon ut valperioden. Søknaden frå Kjellesvik vert difor tolka slik at søknaden gjeld **fritak** frå vervet som medlem av fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen rår til at representanten Mari K. Kjellesvik får fritak frå vervet som medlem av fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune, for resten av denne valperioden 2015-2019.

Dersom det vert innstilt på at Mari K. Kjellesvik skal få fritak frå vervet som medlem i fylkesutvalet, må det gjerast innstilling til nytt val for resten av denne valperioden.

**Økonomi:** Midlar til møteverksemnda er innarbeid i budsjettet.
**Klima:** Inge effekt.
**Folkehelse:** Inga effekt-
**Regional planstrategi**: Inga efekt.

## Forslag til innstilling

1. Mari K. Kjellesvik får fritak frå vervet som medlem av fylkesutvalet, for resten av denne valperioden 2015 - 2019.

2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:

- Medlem til fylkesutvalet:

**Hordaland fylkeskommune**
ØKONOMI- OG ORGANISASJONSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.09.2018**

Representanten Mari K. Kjellesvik har i E-post av 23.08.2018 søkt om fritak frå verv i fylkesutvalet.
Ho skriv:

*«Eg må sende inn ein permisjonssøknad frå vervet mitt i fylkesutvalget då eg har flytta til Danmark for å gå på skule. Korleis skal eg gjere det? Skal eg sende inn ein søknad?»*

Ho skriv deretter at:
*«Grunnen til at eg søker permisjon frå vervet i fylkesutvalet er at eg har flytta til Aarhus i Danmark, der eg har startet på studie. På grunn av avstanden lar det seg dessverre ikke gjere å fortsette i fylkesutvalet. Permisjonen blir for ut resten av perioden. «*

Den som er 1. varamedlem på Arbeiderpartiet si liste over varamedlemmer til fylkesutvalet, er Synnøve Solbakken.

Mari K. Kjellesvik har fylgjande verv i Hordaland fylkeskommune:

Medlem til fylkestinget
Medlem til fylkesutvalet
Medlem til fellesnemnda
Medlem fylkesvalstyret
Varamedlem i utval for miljø og samferdsel
Varamedlem i utval for opplæring og helse
Varamedlem i administrasjonsutvalet
Varamedlem i valnemnda
Varamedlem Stiftelsen Vestnorsk Jazzsenter, styret
Varamedlem, KS-organ, fylkesmøtet.

Som ovanfor nemnt er Mari K. Kjellesvik medlem i fellesnemnda. Medlemmane i fellesnemnda er sett saman av medlemmane av fylkesutvala i dei to fylka, Hordaland og Sogn og Fjordane.

**Rettsleg grunnlag**:

1.) Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sin plikter i vervet.»*

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):
«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsegrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet» , kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:
«Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen» .....den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet *eller belastning*...» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

2.) Opprykk og nyvalg er regulert i kommunelova § 16 som lyder:

*«1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.*
*2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.*
*3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite`trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.*
*4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.*
*5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunstyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.*
*6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommande gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»*

3.) Avtalevalg er regulert i kommunelova § 38 a. Her går det fram at:

*«1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.*
*2. Valget skal gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret og fylkestinget.*
*3. Kravene til kjønnsbalanse gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidaten fra det underepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnåslik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunstyre eller fylkesting, og ved valgtil arbeidsutvalgfor folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.»*

**Vurdering:**

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget *kan* etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, den som ikkje *uten uforholdmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.* Problemstillinga her er om Mari K. Kjellesvik kan skjøtte sine pliktar som medlem til fylkesutvalet, utan uforholdsmessige vanskelegheitar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører*».

Mari K. Kjellesvik har flytta til Danmark for å studere. Ein kan her sjå at det kan bli vanskelig for ho å skjøtte sitt verv i fylkesutvalet i Hordaland når ho skal bu og studere i Danmark. Det er lang avstand frå Hordaland til Århus i Danmark. Vervet som medlem av fylkesutvalet er arbeidskrevjande med møter kvar månad og

mykje saker å forberede seg til kvart møte. Sjølv om det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for å gje fritak, er det fylkesrådmannen si vurdering at vervet som medlem i fylkesutvalet er vanskeleg å følgja opp på ein god måte når ho bur og studerer i Danmark. Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gitt fritak og føretekne suppleringsval.

Dersom Mari K. Kjellesvik får fritak frå vervet som medlem i fylkesutvalet, skal det foretakast nytt val for den tida ho har fritak. Kommunelova § 16 nr. 3 Jfr. Nr. 6 regulerer dette forholdet.

I Hordaland fylkeskommune har ein avtaleval, Jfr. kommunelova § 38 a. Ifølgje kommunelova § 38 a nr. 2 vert valet gjennomført på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Krava til kjønnsbalanse i § 36 nr. 2 gjeld tilsvarande.

Mari K. Kjellesvik er medlem av fellesnemnda. Medlemmane av fellesnemnda består av medlemmane i fylkesutvala i dei to fylka. Dersom Mari K. Kjellesvik får fritak frå vervet som medlem i fylkesutvalet, vil ho som ein følgje av dette og få fritak frå vervet som medlem i fellesnemnda.

Arkivnr: 2017/732-178

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Valnemnda | 27/18 | 02.10.2018 |
| Fylkestinget | 99/18 | 02.10.2018 |

## Søknad om fritak frå verv som medlem i Omstillingsutvalet i Hordaland

**Samandrag**

Representanten Mona Røsvik Strømme har søkt om fritak frå vervet som medlem i Omstillingsutvalet. Ho søkjer fritak frå vervet då ho ikkje lenger er opposisjonsleiar i Hordaland. Mona Røsvik Strømme er folkevald for partiet Høyre.

Fylkesrådmannen rår til at representanten Mona Røsvik Strømme får fritak frå vervet som medlem i Omstillingsutvalet for resten av denne valperioden 2015-2019.

Dersom det vert innstilt på at Mona Røsvik Strømme skal få fritak frå vervet som medlem i Omstillingsutvalet i Hordaland, må det gjerast innstilling til nytt val som medlem i Omstillingsutvalet i Hordaland.

**Økonomi:** Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.
**Klima:** Inga effekt.
**Folkehelse:** Inga effekt.
**Regional planstrategi**: Inga effekt.

**Forslag til innstilling**

1. Mona Røsvik Strømme får fritak frå vevet som medlem i Omstillingsutvalet i Hordaland for resten av denne valperioden 2015-2019.

2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slikt val:……..

**Hordaland fylkeskommune**
ØKONOMI- OG
ORGANISASJONSAVDELINGA

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**

Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 07.09.2018**

Mona Røsvik Strømme har i E-post av 22.08.2018 søkt om fritak frå vervet som medlem i Omstillingsutvalet i Hordaland. Ho skriv:

*«Jeg ber om fritak for vervet som medlem i Omstillingsutvalet pga at jeg ikkje lenger er opposisjonsleder. Ber om at dette kan skiftes i Oktobertinget da Silja Ekeland Bjørkly nå er ny gruppeleder for Høyre og opposisjonsleder i Fylkestinget.»*

Ho skriv vidare i E-mail av 03.09.2018 at:
*«Jeg har gitt en begrunnelse i at jeg ikke lenger er opposisjonsleder og mener det er viktig at Høyres gruppeleder sitter i et så viktig verv.»*

Omstillingsutvalet er sett saman av to representantar frå arbeidstakarsida, to frå bedriftssida, ein frå IN (Innovasjon Noreg Hordaland), ein frå NAV, ein frå kommunane og to frå fylkeskommunen – gjorde ei vurdering av behovet for vidareføring 4. desember 2017. Det var då gjort fylgjande rådgjevande vedtak til fylkesutvalet:

*«Leverandørindustrien står framleis overfor store omstillingsutfordringar. Omstillingsutvalet tilrår difor at mandatet for utvalet blir forlenga med eitt år til utgangen av 2018. Omstillingsutvalet ber også om at virkemidlane blir styrkt ut over dei 9 mill. kr som kjem over Statsbudsjettet for 2018.»*

Omstillingsutvalet i Hordaland har fire politiske medlemmer (to medlemer og to varamedlemmer.) Omstillingsutvalet er leia av fylkesordførar. Utvalet har mellom anna ansvaret for å utvikle og sette i verk ein eigen strategi for omstillingsutfordringane i leverandørindustrien i tillegg til å arbeide med konkrete problemstillingar knytt til utfordringane i olje- og gassindustrien.

Fylkesordførar og opposisjonsleiar har dei to verva som medlemmer. Etter dei opplysningane som ligg føre, er det lang praksis for at fylkesordførar og opposisjonsleiar har desse to verva som medlemmer i Omstillingsutvalet..

**Rettsleg grunnlag**:

Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sin plikter i vervet.»*

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsegrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet» , kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:
«Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen» .....den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet *eller belastning...*» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

Opprykk og nyvalg er regulert i kommunelova § 16 som lyder:

*«1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamdelemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.*
*2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.*
*3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite`trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppe som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.*
*4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.*
*5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppes varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunstyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.*
*6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommande gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underretter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarende gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»*

Avtalevalg er regulert i kommunelova § 38 a. Her går det fram at:

*«1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.*
*2. Valget skal gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret og fylkestinget.*
*3. Kravene til kjønnsbalanse gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidaten fra det underepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnåslik balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunstyre eller fylkesting, og ved valgtil arbeidsutvalgfor folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.»*

**Vurdering:**

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget *kan* etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller resten av valperioden, den som ikkje *uten uforholdmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet.* Problemstillinga her er om Mona Røsvik Strømme kan skjøtte sine pliktar som medlem i Omstillingsutvalet utan uforholdsmessige vanskelegheitar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører*».

Mona Røsvik Strømme var valt inn som medlem i Omstillingsutvalet den 04.10.2017 da ho var opposisjonsleiar. Ho overtok vervet etter Tom Christer Nilsen som då fekk fast plass på Stortinget.
Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv.

Etter dei opplysningane som ligg føre, er det fast praksis for at det er fylkesordførar og opposisjonsleiar som har verva som har verva som medlemmer i Omstillingsutvalet. Dette er svært viktige verv.

Omstillingsutvalet hadde sitt første møte 28. september 2015. I etterkant av dette møtet vart det arbeida fram ein strategi etter innspel frå medlemmene i utvalet. Denne strategien vart revidert av omstillingsutvalet 5. oktober 2017 (vedlegg 1 «Strategi for omstilling av industrien i Hordaland»).

Formålet med strategien er å prioritera og målretta tiltak for å lette den strukturelle omstillinga knytt til leverandørindustrien, og regionar med særlege omstillingsbehov. I gjennomføringa av strategien er det viktig med samordna innsats innan dei prioriterte innsatsområda. Måla skal nåast ved utvikling av ei mest mogeleg koordinert og effektiv forvalting av dei offentlege ressursane retta mot næringsutvikling, arbeidsmarknad og utdanning i Hordaland. Sentrale aktørar for å få god forankring i verkemiddelbruken er Innovasjon Noreg Hordaland, NAV Hordaland, partane i arbeidslivet og Hordaland fylkeskommune. Målet med omstillingsmidlane er dei skal bidra til å utvikla ein omstillingsdyktig region, og skapa nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsettinga. Følgjande fem strategiske innsatsområde er definerte for å målretta bruken av midlane:

1. Kompetanseheving for arbeidstakarar som skal/vil omstillast
2. Omstilling og endringsarbeid i leverandørindustrien til olje og gass
3. Tiltak for vekst i SMB-bedrifter i Hordaland
4. Felles tiltak knytt til rammevilkåra
5. Tiltak som styrker leverandørindustrien i retning av «det grøne skiftet» skal prioriterast særskilt.

Mona Røsvik har ikkje lenger vervet som opposisjonsleiar og ber om at vervet vert gjeve til den som innehar vervet som opposisjonsleiar no. Sjølv om det skal leggjast til grunn ei streng vurdering for å gje fritak, er det fylkesrådmannen si vurdering at det viktige vervet som medlem i Omstillingsutvalet blir vanskeleg å følgje opp på ein god måte når ho ikkje lenger er opposisjonsleiar i fylkestinget: Som tidlegare nemnt, det er praksis for at opposisjonsleiar har vervet som medlem av Omstillingsutvalet.

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt fritak og føreteke eit suppleringsval.

Dersom Mona Røsvik Strømme får fritak frå vervet som medlem i Omstillingsutvalet, skal det veljast eit nytt medlem til Omstillingsutvalet for den tida ho har fritak. Kommunelova § 16 nr. 5 og nr. 6 regulerer dette forholdet.

I Hordaland fylkeskommune har ein avtaleval, Jfr. kommunelova § 38 a. Ifølgje kommunelova § 38 a nr. 2 vert valet gjennomført på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Krava til kjønnsbalanse i § 36 nr. 2 gjeld tilsvarande.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Arkivnr: 2014/11640-130

Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad, David J. Aasen Sandved, Bertil Søfteland

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | 117/18 | 12.09.2018 |
| Fylkesutvalet | 237/18 | 19.09.2018 |
| Valnemnda | 28/18 | 02.10.2018 |
| Fylkestinget | 92/18 | 02.10.2018 |

# "Kystpilegrimsleia over ei ein ny fase" - utgreiing av fast organisering av Kystpilegrimsleia og avslutting som prosjekt . Løyving av kr 100.000. Avtale med Nasjonalt Pilegrimssenter. Oppnemning av politisk representasjon til styringsgruppa


**Samandrag**

Kystpilegrimsleia fase 1 vart avslutta som prosjekt i juni 2018 med opningsmarkeringar langs heile strekninga frå Eigersund til Nidaros, og med godkjenning av Kystpilegrimsleia som del av St. Olavsvegane til Trondheim og som del av dei Europeiske Kulturvegar. Kystpilegrimsleia er eit samarbeidsprosjekt mellom fire bispedømm og fylkeskommunane i Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Prosjektet vart finansiert gjennom statlege tilskott (verdiskaping på kulturminneområdet) og regionale tilskott.

Riksantikvaren har til saman støtta prosjektet med kr 2,5 mill. og ønskjer et framhald av prosjektet under verdiskapingsprogrammet, der utgreiing av fast organisering av Kystpilegrimsleia er føremålet. Til dette har dei gjeve tilsegn om kr 500.000 basert på at fylka løyver kr 100.000 kvar. Fullfinansiert vert den økonomiske ramma altså kr 1.000.000 med ein eittårig prosjektperiode for Fase 2 (fram til august 2019).

For å få så tidleg førebuing av oppstart av prosjektet vart noverande styringsgruppe for prosjektet (ein politikar frå kvart fylke, ein biskop for bispedømma) kalla inn til møte 27. august, der prosjektorganisering og Handlingsdokument for Kystpilegrimsleia var vedteke. Det vart også vedteke framlegg om at Hordaland tek over som koordinerande fylke (på vegne av dei andre fylkeskommunane) og at koordinerande fylke skal inngå samarbeidsavtale om prosjektleiing med Nasjonalt Pilegrimssenter – under føresetnad av at regional medfinansiering er på plass.

Fylkesrådmannen har vurdert praksis med val av representantar til styrande organ. Vår vurdering er at det er Fylkestinget som etter delegasjonsreglementet gjer val og at Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til Fylkestinget.

**Økonomi:** Midlane vert dekka av Fylkesutvalet sin rådveldekonto. Som eingongsløyving vil dette ikkje binde opp framtidig økonomi eller ha andre budsjettmessige konsekvensar.
**Klima:** Tiltaket er ikkje av ein karakter som forureinar ytre miljø.
**Folkehelse:** Tiltaket stimulerer til friluftsliv utandørs og er difor positivt for folkehelsa.
**Regional planstrategi**: Tiltaket fell inn under verdiskaping på kulturarven i kulturplanen og handlingsplanen.



**Hordaland fylkeskommune** Agnes Mowinckels gate 5 Tlf: 55 23 90 00 Org.nr. NO 938 626 367 mva.
KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA PB 7900 e-post: hfk@hfk.no Kontonr. 5201 06 74239
5020 Bergen **www.hordaland.no**

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet løyver kr 100.000 som regional medfinansiering til «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase» frå utvalet sin rådveldekonto.

2. Fylkesutvalet sluttar seg til at Hordaland fylkeskommune, som koordinerande fylke, utformar og inngår ei samarbeidsavtale med Nasjonalt Pilegrimssenter om prosjektleiing.

3. Fylkestinget nemnar opp følgjande representantar til styringsgruppa for «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase»:

   Namn:___________________ (fast representant)

   Namn:___________________(vara)

**Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.09.2018**

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 3:

Val av representantar til styringsgruppa for «Kystpilegrimsleia» går til valnemnda».

**Røysting**

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 1-2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet løyver kr 100.000 som regional medfinansiering til «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase» frå utvalet sin rådveldekonto.

2. Fylkesutvalet sluttar seg til at Hordaland fylkeskommune, som koordinerande fylke, utformar og inngår ei samarbeidsavtale med Nasjonalt Pilegrimssenter om prosjektleiing.

3. Val av representantar til styringsgruppa for «Kystpilegrimsleia» går til valnemnda.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.09.2018**

**Røysting**

Innstillinga pkt.1 og 2 vart samrøystes vedteke.
Pkt. 3 vart ikkje røysta over, då valnemnda innstiller til fylkestinget.

**Vedtak**

1. Fylkesutvalet løyver kr 100.000 som regional medfinansiering til «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase» frå utvalet sin rådveldekonto

2. Fylkesutvalet sluttar seg til at Hordaland fylkeskommune, som koordinerande fylke, utformar og inngår ei samarbeidsavtale med Nasjonalt Pilegrimssenter om prosjektleiing.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg
1 Vedlegg 1 Riksantikvaren sitt tilsegnsbrev
2 Vedlegg 2 Forslag til prosjektorganisering
3 Vedlegg 3 Handlingsdokument

**Fylkesrådmannen, 29.08.2018**

**Prosjektet Kystpilegrimsleia 2014 – 2018**
Målsettinga for prosjektet Kystpilegrimsleia var:

1) *Å skape ei samanhengande reiserute langs kysten som ein del av ei St. Olavslei og ein europeisk kulturveg. Kystpilegrimsleia skal fremje kunnskap om historie og kulturminne, miljøforståing, fysisk aktivitet, folkehelse og legge til rette for bruk og vern av kulturarven vår.*

2) *Å skape eit nettverk og reiselivsprodukt for moderne pilegrimar, basert på den gamle hovudfartsåra for pilegrimar til Nidaros. Kystpilegrimsleia skal vere en brubyggjar mellom dei mange lokalsamfunna langs kysten. Dette er eit prosjekt som har lokalbefolkninga, frivillige lag og organisasjonar, samt lokale næringsdrivande innan overnatting, mat, transport og attraksjonar som sine viktigaste medspelarar.*

Prosjektet vart finansiert av Klima- og miljødepartementet ved Riksantikvaren (verdiskapingsmidlar) i kombinasjon med regionale midlar frå 5 fylkeskommunar (prosjekteigarar) - Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag. Prosjektet vert leia av ei styringsgruppe med ein politisk representant frå kvar av fylkeskommunane. I tillegg var kyrkja/dei fire bispedømma representert med ein biskop i styringsgruppa.

Kystpilegrimsleia vart godkjend som Nasjonal Pilegrimslei under Olavsvegane og under dei Europeiske Kulturvegar i desember 2017.

Kystpilegrimsleia vart avslutta som prosjekt gjennom ei rekke opningsmarkeringar på land frå Eigersund i Rogaland til Nidaros som gjekk føre seg 2. til 24. juni 2018, bundne saman av ein opningsseglas på heile strekket med tradisjonsbåten Risør 2. I Hordaland var det opningsmarkeringar på Moster, Halsnøy Kloster og i Bergen. Arrangementet i Bergen var halde i samarbeid med Kystsogevekene/Torgdagen.

Riksantikvaren gjekk her inn med kr 250.000 til opningsmarkeringane basert på regional medfinansiering/matchingsmidlar med kr 50.000 frå kvar av dei fem fylka. Det vert vist til vedtak i Fylkesutvalet, PS 283/17.

**Utgreiing av fast organiseringa av Kystpilegrimsleia og avslutting som prosjekt**
Jamvel om godkjenninga av Kystpilegrimsleia som nasjonal pilegrimslei og gjennomføringa av opningsmarkeringane langs kysten i juni 2018, markerer avsluttinga av Kystpilegrimsleia som prosjekt, ønskte Riksantikvaren eit framhald under Verdiskapingsprogrammet der utgreiing av fast organisering av Kystpilegrimsleia var føremålet. På grunnlag av vedtak i styringsgruppa sendte Sogn og Fjordane inn søknad på vegne av prosjekteigarane og Riksantikvaren gav tilsegn om kr 500.000 basert på at fylka løyver kr 100.000 kvar. Fullfinansiert vert den økonomiske ramma altså kr. 1.000.000. Tilsegn frå Riksantikvaren er lagt ved saka.

I Riksantikvaren sitt tilsegnsbrev datert 27.04.2018 heiter det mellom anna:

*Ambisjonen for åra 2018-2019 blir å arbeide for eit regionalt senter for kyststrekninga Stavanger til Trondheim, at fleire kulturminne blir tatt i bruk og nytta til næring og samstundes skape større merksemd om dei historiske mellomalderstadane langs kysten både for internasjonale turistar og eigne innbyggjarar.*

Kystpilegrimsleia over i ein ny fase - målsetting
I søknaden til Riksantikvaren er målsettinga for utgreiinga definert slik:

*Å finne fram til ein permanent organisering av Kystpilegrimsleia som kan ta over etter prosjektslutt etter ein inter-regional samarbeidsmodell med mål om å kunne stå som mottakar av statstilskott til pilegrimsarbeidet. Arbeidet må vere tett kopla med det statlege arbeidet med ein ny strategi for pilegrimssatsinga iverksett av Kulturdepartement og med forventa avslutting i 2019.*

Ein kan merke seg at Riksantikvaren nyttar vendinga «eit regionalt senter», medan søknaden nyttar nemninga *inter-regional samarbeidsmodell med mål om å kunne stå som mottakar av statstilskott til pilegrimsarbeidet.*

Vi meiner formuleringa i søknaden er meir presis – om det vert eitt eller fleire regionale sentra er noko utgreiinga får vise. Hovudpoenget er at det inter-regionale perspektivet også vert ivareteke. Formuleringa *med mål om å kunne stå som mottakar av statstilskott til pilegrimsarbeidet* er mynta på at pilegrimsarbeidet på landsbasis er organisert gjennom regionale pilegrimssentra, der Nasjonalt Pilegrimssenter fordelar statlege tilskott mellom dei gjennom årlege tilsegnsbrev.

Ved at Kulturdepartementet har sett i bestilling ei utgreiing om framtidig organisering av pilegrimsarbeidet, er koplinga opp mot det statleg-initierte arbeidet viktig. Det er også sentralt at tidsramma for prosjektfase 2 føl tidsramma for levering av den statlege utgreiinga, med levering august 2019.

Vedtak i styringsgruppemøte i Trondheim 27. august 2018
Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) har vore koordinerande fylke under heile prosjektperioden 2014-2018. På bakgrunn arbeidsomfang og tid til rådvelde (fram til august 2019), kalla Sogn og Fjordane inn til møte for styringsgruppa i Trondheim 27. august. Hordaland var politisk representert på møtet av utvalseiar for KIRU.

I sak 1 på møtet vart det gjort følgjande vedtak:

*«Styringsgruppa vedtek å legge slik modell for organisering av Kystpilegrimsleia – Fase 2 og ber Hordaland fylkeskommune, på vegne av prosjekteigarane, ta rolla som koordinerande fylke og oppdragsgjevar for bestillingsoppdraget – under føresetnad av at regional medfinansiering er på plass. Prosjektleiar vert føreslege tilsett hos NPS».*

Modell for organisering vert lagt ved saka. NPS som det vert referert til, er Nasjonalt Pilegrimssenter som ligg i Trondheim og som er organisatorisk underlagt Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (NDR).

**Vurdering**
Under heile utviklinga av prosjektet har Sogn og Fjordane vore koordinerande fylke. Hordaland fylkeskommune har vore sekretariat og administrativt samarbeidd tett med Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane har no trong for avlasting og styringsgruppa har bede Hordaland ta rolla som koordinerande fylke og oppdragsgjevar for bestillingsoppdraget.

Då Hordaland allereie sitt med erfaring frå førre prosjektperiode, vil ei eventuell kompetanseoverføring til Rogaland, Møre og Romsdal eller Trøndelag krevje meir enn rimeleg store ressursar i høve eit relativt lite prosjekt som skal leverast august 2019. Fylkesrådmannen si vurdering er at Hordaland allereie har bidreg vesentleg i prosjektet og at framlegg til endra ansvar for Hordaland ikkje vil få noko vesentlege auke i administrasjonen sin ressursbruk. At Hordaland tek på seg rolla som koordinerande fylke vil heller ikkje få fylgjekonsekvensar i form av krav om auka ressursar i Kultur- og idrettsavdelinga, då dette vil liggje innafor eksisterande ressursprioritering for verdiskaping på kulturminneområde.

Inngåing av samarbeidsavtale mellom Hordaland (på vegne av dei andre fylka) har som vilkår at Hordaland løyver kr 100.000 og at dei andre fylka gjer det same.

*Samarbeidsavtale mellom Hordaland og Nasjonalt Pilegrimssenter*
Føresett at dei økonomiske vilkåra for å inngå ei avtale med Nasjonalt Pilegrimssenter er på plass, er utforminga av ei slik avtale forankra gjennom vedtak i sak 2 under styringsgruppemøtet 27. august:

*«I vidareføringa av Kystpilegrimsleia som utviklingsprosjekt, legg styringsgruppa til grunn Handlingsdokument for Kystpilegrimsleia fase 2, der hovudmål, delmål og hovudaktivitetar i prosjektet er konkretisert. Dette dannar grunnlag for samarbeidsavtalen med NPS og utforming av oppdraget».*

Avtala mellom koordinerande fylke (Hordaland) og Nasjonalt Pilegrimssenter er – stort sett – ei avtale om prosjektleiing for fase 2. *Handlingsdokument for Kystpilegrimsleia fase 2,* som vedtaket referer til, er ein overordna plan på kva vi ønskjer at prosjektleiaren skal gjere. Prosjektplan vert utarbeidd av Nasjonalt Pilegrimssenter i samarbeid med ressursgruppa (sjå organiseringskart) og vert sett i verk på grunnlag av

vedtak i styringsgruppa. Handlingsdokumentet er lagt ved saka og vil berre utgjer ein del av utarbeidinga av ei samarbeidsavtale. I utforminga av avtale vil vi i tillegg sjølvsagt legg til grunn avtaleutkast og vilkår som gjeld i vår fylkeskommune. Nasjonalt Pilegrimssenter stiller seg villege til å ta på seg prosjektleiaroppgåva.

***Forslag til innstilling/vedtak:***

1. ***Fylkesutvalet løyver kr 100.000 som regional medfinansiering til «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase» frå utvalet sin rådveldekonto.***

2. ***Fylkesutvalet sluttar seg til at Hordaland fylkeskommune, som koordinerande fylke, utformar og inngår ei samarbeidsavtale med Nasjonalt Pilegrimssenter om prosjektleiing.***

*Utnemning av nye representantar (fast og vara) til styringsgruppa for prosjektfase 2*

I KIRU-møte 13.04.2016, jf. PS 64 /2016, vart det gjort følgjande vedtak:

*Som medlem til styringsgruppa for "Prosjekt Kystpilegrimsleia" i 2016 og fram til prosjektavslutning våren 2017 vert følgjande nemnde opp:*
*Medlem: Neshe Lie*
*Varamedlem: Sara Hamre Sekkingstad*

Fylkesrådmannen har vurdert praksis med val av representantar til styrande organ. Vår vurdering er at det er Fylkestinget som etter delegasjonsreglementet gjer val og at Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til Fylkestinget.

***Forslag til innstilling/vedtak:***

3. ***Fylkestinget nemnar opp følgjande representantar til styringsgruppa for «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase»:***

   ***Namn:___________________(fast representant)***

   ***Namn:___________________(vara)***

RIKSANTIKVAREN

SAKSHANDSAMAR
Åse Bitustøl

VÅR REF.
13/01089-32

DYKKAR REF.
2014/11640-119

ARK. Forvaltningsarkivet
351.0

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
27.04.2018

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Att:

## Kystpilegrimsleia - Tilskott 2018 - Statsbudsjettet kapittel 1429 post 77

Vi viser til søknad med utfyllande kommentarar frå Hordaland fylkeskommune av 19.januar 2018. Søknaden er skikka på vegne av dei fem fylkeskommunane frå Rogaland til Trøndelag og bispedøma i same området.

Riksantikvaren har handsama søknadene til kapittel 1429, post 77, verdiskaping, og leiinga hadde fordeling av denne posten til avgjerd 28.februar.

**Vedtak**
Riksantikvaren gir tilskot over statsbudsjettet kapittel 1429 post 77 med inntil

Kr 500 000,-

til prosjekt Kystpilegrimsleia i 2018-2019.

**Grunngjeving**
Riksantikvaren har med denne tildelinga brukt over 2,5 millionar kroner på Kystpilegrimsleia. Vi er opptatt av at arbeidet blir ført vidare inn i ein fast organisasjon etter at heile leia blir endeleg opna på Selja den 8. juli 2018. Tilskotet skal saman med tilskota frå fylkeskommunane gå til løn og til naudsynt reiseverksemd for prosjektleiar i minimum eit år frå august 2018.

Ambisjonen for åra 2018-2019 blir å arbeide for eit regionalt senter for kyststrekninga Stavanger til Trondheim, at fleire kulturminne blir tatt i bruk og nytta til næring og samstundes skape større merksemd om dei historiske mellomalderstadane langs kysten både for internasjonale turistar og eigne innbyggjarar.

Riksantikvaren føreset at registrering av kulturminne skjer i Kulturminnesøk eller andre opne databasar slik at informasjon om kulturminne kan nyttes av alle brukarar.

**Vilkår**
Vi stiller følgjande vilkår:

1. Tilskotet blir gitt under føresetnad av at prosjektet blir fullfinansiert.
2. Ved behov for endringar av budsjett, tiltak eller aktivitetar skal Riksantikvaren få informasjon.

3. Prosjektet sender rapport med rekneskap til Riksantikvaren innan 15. august 2019. Rapporteringsskjema er lagt ved.

Dersom vedtaket ikkje blir klaga på, vert tilskotet rekna som godtatt.

**Oppfølging**
Riksantikvaren ønskjer at prosjekta skal stå fram som gode eksempel på korleis god forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og landskap kan medverke til positive samfunnseffektar og at dette blir synleggjort for politikare, forvaltning, næringsaktørar og befolkninga. Vi ber derfor om at prosjektarbeid og resultat dokumenterast og formidlast på egna måte, mellom anna ved teljingar, intervju, foto, film, prosjektforteljingar og analyser.

Ta gjerne kontakt med Riksantikvaren for spørsmål om oppfølging av prosjektet.

**Utbetaling av tilskot**
Vi kan betale ut tilskotet *etter kvart som mottakaren har behov for å dekke dei aktuelle kostnadene*, jf. økonomiinstruks for staten. Om nødvendig kan utbetalinga deles på fleire ratar.

Tilskotsmottakar må sende skriftleg oppmoding om utbetaling til Riksantikvaren innan utløpet av oktober månad. Oppmodinga må angje mottakar for tilskotet, kontonummer for utbetalinga og må vere skrive under av prosjektansvarleg.

**Klage**
Vedtaket kan klages til Klima - og miljødepartementet innan tre veker (jf. forvaltningslova §§ 28 og 29). Ein ev. klage skal stilast til klageinstansen, men sendast til Riksantikvaren innan tre veker etter at dette brevet er motteke.

Lykke til med vidareføring av Kystpilegrimsleia!

Vennleg helsing

Leidulf Mydland (e.f.)
avdelingsdirektør

Linda Veiby
seksjonssjef

**Brevet er elektronisk godkjend**

Vedlegg: 1

Kopi til: Eva Moberg, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER/ Nasjonalt pilegrimssenter - Trondheim, Kjøpmannsgata 1C, 7013 Trondheim




TFK = Trøndelag fylkeskommune, MRFK = Møre og Romsdal fylkeskommune, SFFK = Sogn og Fjordane fylkeskommune, RFK = Rogaland fylkeskommune, HFK = Hordaland fylkeskommune, BD = Bispedømma, NDR = Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider, NPS = Nasjonalt Pilegrimssenter, PE = Prosjekteigar, PL = Prosjektleiar

1. **Hovudmål og delmål for prosjektet:**

Å finne fram til ein permanent organisering av Kystpilegrimsleia som kan ta over etter prosjektslutt etter ein inter-regional samarbeidsmodell med mål om å kunne stå som mottakar av statstilskott til pilegrimsarbeidet. Arbeidet må vere tett kopla med det statlege arbeidet med ein ny strategi for pilegrimssatsinga iverksett av Kulturdepartement og med forventa avslutting i 2019.

2. **Prosjektorganisering**

Prosjektorganiseringa går fram av vedlegg.

3. **Utforminga av oppdraget/bestillinga**

Alle aktivitetar i prosjektet vert delt inn i hovudaktivitetar (HA) og underaktivitetar (UA). For å gjere arbeidet med dette lettare, har vi utvikla følgjande skjema:

| **Hovud-aktivitet**<br><br>**HA** | **Underaktivitet**<br><br>**UA** | **Ansvar** | **Tidslengd**<br><br>**Oppstart**<br><br>**Slutt** | **Kommentar** |
|---|---|---|---|---|
| HA1 : Ny prosjekt-oppstart.<br><br>PL kjem med forslag til prosjekt-plan<br><br>**Vedteke prosjekt-plan vil danne grunnlage t for fastsettin g av tidsfristar for HA 2 – HA 4** | Informasjonsoverføring til PL:<br>Gje tilgang til all informasjon, og utarbeidd material frå fase 1 av prosjektet gjennom dialog mellom PL og Ressursgruppa<br><br>PL utarbeider på dette grunnlaget forslag til prosjektplan for godkjenning av styringsgruppa.<br><br>Informasjon ut:<br>Synleggjere ut kor vi står i arbeidet. Introdusere det vidare arbeidet og prosjektleiing ved å sende informasjon til/re-etablere kontakt med alle kommunar/kontakt-personar. Informasjonen bør innehalde kva som er målet med framhaldsprosjektet og kva det vert forventa at aktørane skal kome med innspel på i dei vidare prosessar. | Fylka/PL<br><br>Fylka/PL<br><br>PL | Utgangen av september 2018 | |
| HA 2:<br><br>Forankring (lokalt og regionalt) | Kartleggje aktørane sine ønskje om korleis ein permanent organisering av Kystpilegrimsleia bør vere og kva oppgåver organisasjonen bør ha. | PL | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Etappesamlingar med nøkkelstader, reiseliv, kyrkje og offentlege mynde | | | |
| HA 3: Prosjekt-administrasjon | PL har ansvaret for:<br><br>Førebuing av saker, innkalling og referat frå møte i styringsgruppa<br><br>Prosjektleiar nyttar ressursgruppa ved behov.<br><br>Dagleg oppfølging av lokale/regionale aktørar<br>Organisere og drifte felles digitale møteplassar for prosjektaktørane. Følgje opp vidare utvikling av digital reiseassistent/Aispot.<br>Økonomistyring<br><br>Rapporterer til styringsgruppa via koordinerande fylke | PL<br><br>PL<br><br>PL<br><br>Koordinerande fylke | | |
| HA 4:<br><br>Prosjekt-avslutting og leveransar | Prosjektrapport: Framtidig organisering av Kystpilegrimsleia. *Tilråding på modell på grunnlag av utgreiingar av ulike modellar og deira potensiale for regional forankring, oppslutnad og gjen-nomslag nasjonalt* | PL | August 2019 | |

HORDALAND FYLKESKOMMUNE | OPPLÆRINGSAVDELINGA

Arkivnr: 2015/11453-140

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---|---|---|
| Valnemnda | 29/18 | 02.10.2018 |
| Fylkestinget | 89/18 | 02.10.2018 |

# Nytt val av medlemar til styret for Fagskolen i Hordaland

**Samandrag**

Med bakgrunn i ny fagskulelov av 01.06.2018 er det naudsynt å endre samansetninga i styret for Fagskolen i Hordaland og tilhøyrande styrevedtekter. Eiga sak om endring av vedtekter for styret for Fagskolen i Hordaland vert lagt fram for fylkestinget i møte 02.10.2018. I den nye fagskulelova er det mellom anna bestemt at styret for fagskular skal ha to nærings- og arbeidslivsrepresentantar med minimum éin vara. Styret for Fagskolen i Hordaland har ikkje dette per i dag. Jf. ny fagskulelov vert følgjande samansetning av styret føreslått i eiga sak til fylkestinget, og forslag til representantar i denne saka er basert på dette:

1) Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha sju medlemar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.

2) Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valde for fire år og følgjer valperioden til fylkestinget. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Styremedlemar kan veljast igjen.

3) Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.

4) Styret for Fagskolen i Hordaland skal ha følgjande samansetning:
   a) Tre representantar frå det regionale folkevalde nivået, der éin representant vert valt frå utval for opplæring og helse og éin representant frå utval for kultur, idrett og regional utvikling, og med to varamedlemar.
   b) To representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem.
   c) Éin representant frå dei tilsette ved Fagskolen i Hordaland med éin personleg vara.
   d) Éin representant frå studentane ved Fagskolen i Hordaland med éin personleg vara.

**Økonomi:** Ingen kjent effekt.
**Klima:** Ingen kjent effekt.
**Folkehelse:** Ingen kjent effekt.
**Regional planstrategi**: Ingen kjent effekt.

**Hordaland fylkeskommune**
OPPLÆRINGSAVDELINGA
Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**
Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

**Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget gjer slike val av medlemar og varamedlemar som representerer regionalt arbeidsliv til styret for Fagskolen i Hordaland:

   **Forslag frå fylkesrådmannen til valnemnda på medlemar (arbeidslivsrepresentantar)**
   1. Anne Mette Koch (arbeidslivsrepresentant)
   2. Trond Sanne Haga (arbeidslivsrepresentant)

   **Varamedlem**
   1. Aslaug Hellesøy (arbeidslivsrepresentant)

2. Fylkestinget gjer slike val av medlemar og varamedlemar etter innstilling frå valnemnda:

   **Medlemar (eigarrepresentantar)**
   1.
   2.
   3.

   **Varamedlemar**
   1.
   2.

3. Fylkestinget vel etter innstilling frå valnemnda følgjande som:
   Leiar:
   Nestleiar:

4. Representantar for tilsette og studentar vert valt i tråd med vedtektene for styret for Fagskolen i Hordaland (§ 1-2).

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg
1 Styrevedtekter av 230217
2 Utkast til nye styrevedtekter

**Fylkesrådmannen, 24.08.2018**

Med bakgrunn i ny fagskulelov av 01.06.2018 er det naudsynt å endre samansetninga i styret for Fagskolen i Hordaland og tilhøyrande styrevedtekter. Eiga sak om endring av vedtekter for styret for Fagskolen i Hordaland vert lagt fram for fylkestinget i møte 02.10.2018.

Den nye lova; «Lov om høyere yrkesfaglig utdanning» (fagskulelova) er vesentleg endra i struktur og innhald. Til dømes vert styret sitt ansvar for fagskuleutdanning omtala i meir detalj enn før, og krava til samansetninga av styret er endra.

**Styret for Fagskolen i Hordaland i dag**

Styret for Fagskolen i Hordaland har fram til no hatt følgjande samansetning jf. vedtektene av 23.02.2017:

> Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemar. Fem medlemar, med to varamedlemar, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har éin representant kvar med personleg vara. Tilsett- og studentrepresentant har møte-, tale-, forslags- og stemmerett, og er fullverdige medlemar av styret.
>
> Fylkestinget nemner opp eigarrepresentantane i styret og mellom dei leiar og nestleiar. Tilsette og studentrepresentant med personleg varamedlem blir vald av og mellom dei tilsette og studentane. Eigarrepresentantane blir valde for fire år, tilsetterepresentantane blir valde for to år og studentrepresentantane for eitt år om gongen.

Dagens medlemar er som følgjer:

| Medlem | Stilling | Vald av: |
|---|---|---|
| Roald Kvamme (A) | Leiar | Fylkestinget |
| Alexander Fosse Andersen (SP) | Nestleiar | Fylkestinget |
| John Helge Gullaksen (FL H/V) | Medlem | Fylkestinget |
| Rosalind Fosse (FL FRP/MDG) | Medlem | Fylkestinget |
| Aslaug Hellesøy (FL KRF/R/SV) | Medlem | Fylkestinget |
| Trude Amundsen (tilsettrepresentant) | Medlem | Tilsette ved fagskulen |
| Thomas Rimme (studentrepresentant) | Medlem | Studentar ved fagskulen |

**Samansetning i styret etter fagskulelova av 01.06.2018**

Den nye fagskulelova § 10 seier følgjande om styret si samansetning:

> «§ 10.Styrets sammensetning
> Styret skal ha minst sju medlemmer. Minst to medlemmer skal ha bakgrunn fra relevant arbeids- eller næringsliv. Minst ett medlem skal være valgt av og blant de ansatte, og minst ett medlem skal være valgt av og blant studentene. Hvis styret har mer enn ti medlemmer, skal minst to medlemmer være valgt av og blant studentene og minst to av og blant de ansatte. Det skal velges personlig varamedlem for medlemmene valgt av de ansatte og studentene. Det skal være minst ett varamedlem for medlemmene fra arbeids- eller næringsliv, og minst ett varamedlem for de øvrige medlemmene. Eier utpeker selv, eller fastsetter hvem som skal utpeke, styrets leder.
>
> Ved valg av styremedlemmer gjelder likestillings- og diskrimineringsloven § 28 innen den enkelte valgkrets.

Styremedlemmene og varamedlemmene velges for inntil fire år. Styremedlemmer og varamedlemmer som velges av og blant studentene, velges for ett år. Styremedlemmer og varamedlemmer kan gjenvelges.»

Tidlegare var det mellom anna ikkje krav til representantar frå relevant arbeids- og næringsliv, og det var ikkje krav til at student- og tilsettrepresentant var fullverdige medlemar, men at dei hadde møte-, tale-, og forslagsrett i saker som vedkjem gjennomføringa av fagskuleutdanningane.

**Nye vedtekter for styret for Fagskolen i Hordaland**
Som nemnt vert det lagt fram eiga sak om reviderte styrevedtekter for fylkestinget etter endring av fagskulelova, og følgjande reglar for samansetning og oppnemning av styret vert føreslått:

**§ 1-2 Samansetning og oppnemning av styret**

1) Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha sju medlemar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.

2) Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valde for fire år, og følgjer valperioden til fylkestinget. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Styremedlemar kan veljast igjen.

3) Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.

4) Styret for Fagskolen i Hordaland skal ha følgjande samansetning:
    a) Tre representantar frå det regionale folkevalde nivået, der éin representant vert valt frå utval for opplæring og helse, og éin representant frå utval for kultur, idrett og regional utvikling, og med to varamedlemar.
    b) To representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem.
    c) Éin representant frå dei tilsette ved Fagskolen i Hordaland med éin personleg vara.
    d) Éin representant frå studentane ved Fagskolen i Hordaland med éin personleg vara.

Vedtekter av 23.02.2017 og utkast til reviderte vedtekter ligg som vedlegg til saka.

Med bakgrunn i ny fagskulelov vil fylkesrådmannen tilrå at arbeids- og næringslivsrepresentantane vert valt ut i frå deira tilknyting til regionalt næringsliv i Hordaland og kva kompetanse det er ønskjeleg at styret skal ha i høve til vidare utvikling av Fagskolen i Hordaland. Fagskulen har mellom anna eit utviklingspotensial innan helse og marine fag, i tillegg til vidare utvikling innan tekniske og maritime fag. På bakgrunn av dette vil fylkesrådmannen tilrå følgjande representantar med arbeids- og næringslivsbakgrunn til styret:

<u>Anne Mette Koch</u>
Konstituert seksjonsleiar ved Haukeland universitetssjukehus, Fou-avd., seksjon for fag og utdanning. Koch er utdanna sjukepleiar frå Haukeland sykepleieskole i 1978, og har etter det hovudsakeleg arbeidd i ulike stillingar ved Haukeland universitetssjukehus. Ho har også i nokre periodar vore tilknytt Høgskulen på Vestlandet (Høgskolen i Bergen). Koch har vidareutdanning både innan leiing, fag og forsking og avla sin PhD ved det Medisinske fakultet i 2016.

Koch har sidan 2006 arbeidd i Forsking og utviklingsavdelinga, seksjon for fag og utdanning som spesialrådgjevar og sidan hausten 2017 vore konstituert som seksjonsleiar. I FoU-avdelinga har ho arbeidd lokalt, regionalt og nasjonalt med kompetanseutvikling og oppgåver knytt til utdanningsfeltet. Koch har vidare god kjennskap til fagskuleutdanning og var mellom anna involvert i oppstart av fagskuleutdanning innan spesialreinhald ved tidlegare Fusa fagskule. Gjennom Koch si noverande stilling deltek ho i ei rekke råd og utval som kan vere relevante i høve til styrearbeid for Fagskolen i Hordaland, mellom anna i faggruppa til «Kunnskapskommunen» i Bergen kommune, Styringsgruppa til Senter for omsorgsforsking Vest og Kompetanseforum Hordaland.

Trond Sanne Haga
Senior Manager, Kværner Stord.
Haga er PhD frå Institutt for industriell økonomi og teknologiledelse ved NTNU innan Bedriftsadministrasjon. Haga har lenge vore interessert i opplæring og utdanning, og før han starta i Kværner, har han arbeidd fleire år i IRIS som forskar og forskingssjef, og i SEFOS som forskar innan utdanningsforsking med fokus på yrkesopplæringa. Haga har også arbeidd som lærar i Lyngen kommune.

Haga har vore tilsett i Kværner i til saman 19 år, og er for tida leiar for fleire utviklingsporsjekt som til dømes eit fireårig utviklingsprosjekt med støtte frå Forskingsrådet gjennom BIA-programmet (Brukerstyrt innovasjonsarena), og tre digitaliseringsinitiativ. Haga har også ansvar for å følgje opp vidareutviklinga av Stordmodellen (frå fagmann til ingeniør), der Fagskolen i Hordaland saman med Høgskulen på Vestlandet, er ein sentral aktør.

Dei siste 11 åra har Haga hatt fleire ulike stillingar som til dømes HR-leiar på Gjøa, HMS-leiar på DCR Mongstad, ulike posisjonar i Nyhamna-prosjektet, Senior Vice President HR i Kværner og leiar for fleire utviklingsaktivitetar.

Aslaug Hellesøy
Avdelingsleiar, Kvinnherad kommune, avdeling for demenssjukdomar.
Hellesøy er utdanna sjukepleiar med tilleggsutdanning, og arbeider i dag som avdelingsleiar i Kvinnherad kommune. Hellesøy har vore medlem av styret for Fagskolen i Hordaland i to valperiodar som eigarrepresentant (KrF), og er no inne i den tredje valperioden som ekstern representant. Hellesøy har engasjert seg i fagskulane i Hordaland og spesielt innanfor helsefag. Vidare har ho gjennom sitt styreverv vore med på den store utviklinga i fagskulesektoren dei siste åra, både i høve til lov- og rammeverk, men også i høve til organisering i Hordaland.

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

**Vedtekter for styret ved Fagskolane i Hordaland**

1. Styret har overordna ansvar for den daglege drifta av fagskulane i fylket og fører tilsyn med den daglege leiinga. Det har ansvar for at verksemda held høg kvalitet og for at fagskulane blir drivne effektivt og i samsvar med dei lover, forskrifter og reglar som gjeld og dei rammer og mål som blir gjevne av overordna mynde.

2. Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har éin representant kvar med personleg vara. Tilsett- og studentrepresentant har møte-, tale-, forslags- og stemmerett, og er fullverdige medlemmer av styret.

3. Fylkestinget nemner opp eigarrepresentantane i styret og mellom dei leiar og nestleiar. Tilsette og studentrepresentant med personleg varamedlem blir vald av og mellom dei tilsette og studentane. Eigarrepresentantane blir valde for fire år, tilsetterepresentantane blir valde for to år og studentrepresentantane for eitt år om gongen.

4. Styret skal tilsetje administrativ og fagleg leiing i samråd med skuleeigar. Hordaland fylkeskommune er arbeidsgjevar, og personalforvalting skal skje i samsvar med fylkeskommunen sine reglar.

5. Fylkesdirektør opplæring er ansvarleg for saksførebuing til styret.

6. Styret skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsama klager på enkeltvedtak (jf. fagskulelova § 13). Styret kan bestemme at klagenemnda også skal handsame andre klagesaker for studentane og saker etter §§ 7, 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker, jf. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassing, avsluttande vurdering, bortvisning, utestenging og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

7. Styret er ansvarleg for at dei opplysningar som blir gjevne til NOKUT og søkjarar til utdanningstilboda, er korrekte og fullstendige.

8. Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis den vert gjennomført. Styret er også ansvarleg for kvalitetssikring av utdanningane og skal ha eit etablert kvalitetssikringssystem som sikrar kontinuerlege forbetringar og yrkesrelevans i utdanningane, og som gjev tilfredsstillande dokumentasjon av kvalitetssikringsarbeidet ved institusjonen og avdekker sviktande kvalitet.

9. Styret er ansvarleg for det overordna læringsmiljøet og for samarbeidet om det med studentane. Dette ansvaret gjeld det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet som Arbeidstilsynet fører tilsyn med. Styret kan oppnemne utval etter behov.

10. Styret er ansvarleg for at det sams reglementet eller forskrift for Fagskolane i Hordaland vert følgd.

*Vedtatt i fylkesutvalet 23.02.2017.*
*Erstattar vedtekter frå 10.03.2015.*

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

# Styrevedtekter

## STYRET FOR FAGSKOLEN I HORDALAND

**Vedtatt av fylkestinget DATO**
**Erstattar vedtekter frå 23.02.2017**

**REVIDERT ETTER LOV OM HØYERE YRKESFAGLIG UTDANNING (FAGSKULELOVA) NR. 28 - 08.06.2018. GJELDANDE FRÅ 01.07.2018.**

# 1 STYRET SIN LEGITIMITET, VIRKEOMRÅDE, SAMANSETNING OG OPPNEMNING

**§1-1 Lovgrunnlaget – relasjonen mellom skuleeigar og styret**

1) Fagskolen i Hordaland er underlagt lov av 08.06.2018 om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemder.

2) Hordaland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskolen i Hordaland. Fylkestinget treff vedtak på vegne av fylkeskommunen om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.

3) Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemar.

4) Skuleeigar kan utøve eigarskap på tre måtar
   a) Val av styremedlemar og eventuelt avsetting av styret
   b) Finansiering
   c) Styret sine vedtekter

UTKAST

**§ 1-2 Samansetning og oppnemning av styret**

1) Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha sju medlemmer. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.

2) Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for fire år, og følgjer fylkestingets valperiode. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Styremedlemar kan veljast igjen.

3) Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.

4) Styret for Fagskolen i Hordaland skal ha følgjande samansetning:
   a) Tre representantar frå det regionale folkevalde nivået, der éin representant vert valt frå utval for opplæring og helse, og éin representant frå utval for kultur, idrett og regional utvikling, og med to varamedlemar.
   b) To representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem.
   c) Éin representant frå dei tilsette ved Fagskolen i Hordaland med éin personleg vara.
   d) Éin representant frå studentane ved Fagskolen i Hordaland med éin personleg vara.

**§ 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte**

1) Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.

2) Styremøta vert leia av styreleiar eller nestleiar i denne sitt fråvær. Om ingen av desse er til stades vert det valt ein møteleiar av styret i møtet.

## 2 STYRET SITT ANSVAR, MYNDE OG OPPGÅVER

### § 2-1 Generelt

1) Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafor dei mål og rammer som gjeld for Fagskolen i Hordaland. Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår. Fagskolen i Hordaland skal vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbodsstruktur og utdanningstilbod.

2) Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbudd av fagskulen.

3) Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal verte høyrd før ein rektor vert tilsett. Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte.

4) Styret sjølv skal fatte vedtak om det etter styret sitt skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.

5) Styret kan delegere avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd.

6) Styret er ansvarleg for at det vert gjeve forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjoner og reglar for klagehandsaming.

7) Fagskulen skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame klagesaker etter § 23 i fagskulelova og gjere vedtak i saker etter §§ 24 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

UTKAST

### § 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga

1) Styret skal:
   a) Sørgje for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for
   b) Sørgje for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt
   c) Sørgje for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og dei som søkjer utdanning er korrekte og fullstendige
   d) Sørgje for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.
   e) Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.
   f) Sørgje for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og regler, og etablere og sørgje for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.

2) Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, leggje til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø.

## 3 ANDRE TILHØVE

### § 3-1 Saksførebuing

1) Fylkesdirektør opplæring er ansvarleg for saksførebuing til styret.

### § 3-2 Habilitet

1) Styret sine medlemar er underlagt føresegner om habilitet jf. forvaltningslova §§ 6 til 10, og om teieplikt §§ 13 til 13 e.

### § 3-3 Tilgang til å avsette styret

1) Fylkestinget kan avsette styret om det er sakleg grunn til det (jf. § 1-1 fjerde ledd i vedtektene), og nemne opp eit midlertidig styre inntil nytt styre kan veljast etter reglene i fagskulelova § 10.

### § 3-4 Revisjon – Fastsetting av endringar

1) Innafor fylkestinget sin periode vert fylkesutvalet gjeve mynde til å vedta endringar i vedtektene om dette er naudsynt.

2) Styrevedtektene er sist revidert og vedteke i fylkestinget DATO (sak PS XX/18).

UTKAST